

MØTEBOK

Organ	Kontrollutvalet
Møtestad	Thon Hotel Jølster, Skei
Møtedato	26.01.2016
Kl.	09:00 – 16:45

Faste medlemer til stades:

Frank Willy Djuvik, Odd Atle Stegegjerdet, Jorunn Ringstad, Klaus Iversen, Lise-May Sæle

Forfall til møtet:

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Assisterande fylkesrådmann Paal Fosdal, sak 6/16 og sak 10/16 pkt. 3 og 4.

Gunnar Husabø, Deloitte AS

Sekretariat for møtet:

Einar Ulla

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tek stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Kontroll-utvalet vedtok samråystes at sak nr. 10/16 pkt. 4 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 3.

Klaus Iversen fekk permisjon frå kl. 16.15, og var ikkje med på handsaming av saken 2/16, 8/16, 9/16 og 10/16 pkt. 1.

*Odd Atle Stegegjerdet
Jorunn Ringstad
Paal Fosdal
Klaus Iversen
Lise-May Sæle*

SAK 1/16 Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - prosjektplan overordna analyse

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet godkjenner prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse slik den ligg føre.

SAK 2/16

Kontrollutvalet - Budsjett 2016 - Disponering av vedteken budsjettramme

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek disponering av budsjettramma 2016 til vitande
 2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å fremje sak om justering av ramma på bakgrunn av auka kostnader til SF revisjon IKS 2016, og eventuelt endra kostnadssstruktur på det nye utvalet i samband med 1. tertial-rapportering 2016.
-

SAK 3/16

Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 757 658 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS.
-

SAK 4/16

Forvaltningsrevisjon - Samhandling og prosjektstyring - oppfølging av vedtak

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Rapporten frå fylkesrådmannen datert 3.12.2015 vert teken til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 2/2015 til å vere ferdig oppfølgt.

SAK 5/16

Forvaltningsrevisjon - Innkjøp og oppfølging av kollektivtransport - oppfølging av vedtak

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av tilrådingane til vitande.
 2. Kontrollutvalet vurderer punkt 2, 4 og 5 til å vere oppfølgde
 3. Kontrollutvalet ber om ny rapport når dei resterande punkta, 1a – 1f er ferdig oppfølgde seinast 30. juni 2017.

SAK 6/16

Forvaltningsrevisjon - Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper - bestilling

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjøre slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon «Tannhelsetilbodet til prioriterte grupper» etter vurdering av formål og problemstillingar i vedlagte bestilling
 2. Vedteken bestilling vert sendt Deloitte AS

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

Nytt pkt. 1 og 2:

1. Kontrollutvalet utset forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på grunn av pågående politisk prosess.
 2. Leiar og kontrollsjef får fullmakt til å utarbeide bestilling på forvaltningsrevisjon av kulturminneværn, og sende bestillinga til Deloitte AS.

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet utset forvaltningsrevisjon av tannhelsetilbodet til prioriterte grupper på grunn av pågående politisk prosess.
 2. Leiar og kontrollsjef får fullmakt til å utarbeide bestilling på forvaltningsrevisjon av kulturminnevern, og sende bestillinga til Deloitte AS.

SAK 7/16

Forvaltningsrevisjon - Fylkesarkivet - oppfølging av vedtak

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.
2. Kontrollutvalet ber om statusrapport når styringsgruppa har vedteke vedtekter for kommunearkivordninga, og tilbakemelding etter at nye rutinar er vedtekne om systematiske risikovurderinger.

Endringsframlegg som kom fram i møtet:

Nytt pkt. 2

2. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderinger innan 15. august 2016.

Avrøyting:

Pkt. 1 i tilrådinga og nytt pkt 2 i endringsframlegget vart samråystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek brev frå fylkesrådmannen med oppfølging av vedtak i FT-sak 3/15 til vitande.
2. Kontrollutvalet ber om status i arbeidet med utarbeiding av vedtekter for kommunearkivordninga og i arbeidet med nye rutinar for systematiske risikovurderinger innan 15. august 2016.

SAK 8/16

Årsplan for kontrollutvalet 2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tek vedlagte årsplan for 2016 til vitande

SAK 9/16

Oppfølgningsliste 1-2016

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Oppfølgningsliste 1-2016 vert teken til vitande

SAK 10/16

Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 26. januar 2016

Følgjande skriv, meldingar og orienteringar vart handsama i møtet:

1. Status forvaltningsrevisjon v/Deloitte
 - Inneklima og vedlikehald av fylkeskommunale bygg

Prosjektet er i rute. Ferdigstillingsdato er seinast utgangen av mars 2016.

2. Forvaltningsrevisjon – overordna analyse
 - Prosessmøte 1 med kontrollutvalet - risikospel
 - Diskusjon og vurderingar av risikoar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde

Prosessmøte vart gjennomført. Revisor og kontrollsjef arbeider vidare med den overordna analysen , og innarbeider dei innspel som kom fram i møtet.

3. Oppfølging av FR Tryggleik og beredskap – status v/Assisterande fylkesrådmann

Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for oppfølginga av fylkestingsvedtaket etter gjennomført forvaltningsrevisjon av tryggleik og beredskap. Det vart bedt om utsættig av fristen for å fullføre oppfølginga til 31.12.2016 på grunn av at arbeidet med ROS-analysen vil skje etter at ny organisasjonsstruktur for sentraladministrasjonen er på plass 1. april 2016.

4. Diverse orienteringar v/Assisterande fylkesrådmann

Orienteringane vart gitt i lukka møte, ref. kommunelova § 31, pkt. 3.

5. Orientering frå leiar og kontrollsjef

Leiar tok opp e-posten frå Nondal, som førre leiar i kontrollutvalet mottok 19. oktober 2015, til handsaming. Utvalet var samde om at det skal utarbeidast og sendast eit svar via e-post til Nondal. Kontrollutvalsleiar og kontrollsjef fekk fullmakt til å utarbeide og sende dette.